



Tilbod til hjortejegerar i Vik i Sogn 2024 – Vikja AS

Vikja AS og Vik Hjorteviltråd samarbeider om å få kjøt frå vill hjort ut til forbrukar/marknad. Vik Hjorteviltråd/jegerane har ansvar for å skaffa slakt og Vikja As har ansvar for foredling, sal og formidling.

Dette er eit prøveprosjekt som starta hausten 2022 og er tenkt å vara i 3 år.

Slakteriet Vikja har fått godkjenning som VILTBEHANDLINGSANNLEGG frå Mattilsynet.

Praktiske forhold for levering av hjort i 2024-sesongen.

1. Ordninga gjeld primært hjort (kalv, kolle og bukk) skoten i Vik kommune, men det kan verta aktuelt å ta mot dyr frå Leikanger og Balestrand og ev. Voss.
2. Ordninga gjeld for alle jegerar. Er du feltkontrollør skal du ikkje ta med hovud og organ inkl. milt. Dei som ikkje er feltkontrollørar kan altså også leve, men må ta med hovud, hjarta, lunge, nyrer og milt. Dette legg du i ei bøtte eller stamp du finn i mottaket. Bruk ein foringspose i bøtta/stampen. Du finn det i mottaket. Då kan innmaten nyttast til mat.
3. **Alle dyr skal leverast med skinnet på.**
4. Det skal ikkje takast Cwd prøvar i 2024.
5. Alle kontaktar Olav Arnar (47657465) og avtalar at Vikja tek i mot. Deretter er det berre å hengja inn i konteineren. Kode til låsen får du av Olav Arnar.
6. Vikja sine kundar ynskjer å få vill hjort i starten av jakta, altså første 3 vekene av september. Vikja skal slakta mange andre dyreslag, men satsar på å kunna ta mot hjort også seinare i jakta.
7. Pris til jeger 2024 vert auka til 90,- kr./kg inkl. mva. (slaktevekt, sjå punkt 12).
8. Jegeren merkar dyret med nummerert merkelapp og fyller ut eit enkelt skjema som ligg i konteineren. Dette vert festa til dyret.
9. Vikja hentar dyret inn på slakteriet og flår det.
10. Vikja tilkallar mattilsynet for godkjenning. Dersom det ikkje er god nok kvalitet på kjøtet, vil jegeren få tilbod om å henta det att. Elles vert det kassert. Skrottar/kjøt der det har vore vomskot vert ikkje godkjent.
11. Vikja finpussar dyra. Dersom det er brukt bly ammunisjon, skjer me bort 10 cm ekstra rundt kuleholet.
12. Vikja veg dyret etter at det er pussa. Det er denne vekta som vert nytta ved utbetaling.
13. Vikja freistar å selja mest mogeleg heile dyr, men tek også sikte på å partere og frysja ned noko.
14. Oppgjeret skal skje samla for kvar jeger i løpet av januar 2025.

Vikja 22.8.2024

Vikja As, Olav Arnar Bø